



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

adresseliste

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vår dato: **05 MAR 2009**
Vår ref.: NVE 200805443-3 ki/elha
Arkiv: 312 /064.B4
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Ellen Lian Halten
22 95 91 93

Leif Tore Ekse – Søknad om løyve til å bygge Kvernhuselvi kraftverk i Modalen kommune, Hordaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Leif Tore Ekse, datert 5.2.2008 om løyve til å bygge Kvernhuselvi kraftverk i Modalen kommune.

Kraftverket vil ha ei yting på 3400 kW og gje ein produksjon på cirka 13,9 GWh. Kvernhuselvi kraftverk vil nytte eit fall i Kvernhuselvi på om lag 455 meter. Det er planlagt å regulere Nedre Sylvbergjønn. Vasstanden i vatnet skal hevast frå dagens naturlege vasstand kote 896 og opp til kote 900. Vatnet skal reguleraast mellom kote 899 og kote 900, og overføres til Kvernhuselvi gjennom ein 300 meter lang tunnel.

Inntaket vert plassert på kote 590 og kraftstasjonen vert plassert på kote 135. Vatnet vert ført ned til kraftstasjonen gjennom både tunnel og nedgrave røyr. Tunnelen vil verte 680 meter lang og gå frå inntaket og ned kote 280. Frå kote 280 vil vatnet gå i eit 370 meter langt røyr ned til kraftstasjonen. Det vil bli bygd ein 850 meter lang permanent veg frå kraftstasjonen og opp til kote 280. Kraftverket vil verte knytt til eksisterande kraftlinje med ei 200 meter lang luftlinje.

Om sommaren er det planlagt slipp av minstevassføring på 40 l/s frå inntaket i Kvernhuselvi. Det planleggast ikkje slipp av minstevassføring i Sylvbergelvi.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Kvernhuselvi kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova (vrl.) og gjeld løyve etter vrl. § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/smaakraft, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Leif Tore Ekse på tlf. 91 63 94 00 eller e-post: leiftoreekse@yahoo.no.

NVE ber Modalen kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på kundetorget på kommunehuset og to eksemplar på Coop Modalen fram til **15.4.2009**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden. I tillegg vert søknaden lagt ut på Modalen kommune sin nettside: www.modalen.kommune.no.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ynskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve/smaakraft så snart som mogeleg og seinast innan 15.4.2009. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef



Ellen Lian Halten
avdelingsingeniør

Vedlegg: Søknad til kommunen
 Kunngjeringstekst
 Informasjonsark
 Adresseliste